



Reglar for kåring av vêrlam 2012 ¹

(Vedteke i Avlsrådet for sau 21.06.2012 med avlssjefens justeringar 26.08.2012)

§ 1

Avlstiltaket ”kåring av vêrlam”

Kåring av vêrlam har som formål å kvalitetssikre vêrlam for bruk i saueavlen.

Norsk Sau og Geit (NSG) er ansvarleg for avlstiltaket. Reglar for kåring vert fastsett av Avlsrådet for sau i NSG. Reglane gjeld for alle utstillarar og for alle dyr som skal til kåring.

Det skal vera tilbod for kåring av vêrlam i kvart fylke. Kåringssjå vert halde etter avgjerd i avlsutvalet i fylket ².

Avlsutvalet i fylket nemner opp dommarar og styrar for kåringsjået.

Avlsutvalet i fylket kan gjere vedtak om kåringspengar.

§ 2

Hindre spreing av smittsam sjukdom

Offentlege krav

Kåringssjå for vêrlam er berre tillate etter skriftleg løyve frå Mattilsynet. Avlsutvalet i fylket skal senda Mattilsynet melding om stad og tid for sjået så snart dette er fastsett. Lokal arrangør (lokallag/vêrering) skal i god tid leggje fram plan for praktisk gjennomføring av sjået for Mattilsynet i det distriktet sjået skal haldast.

Styrar, dommarar og utstillarar må retta seg etter føresegner og påbod som er gjevne av Mattilsynet.

Dyr frå buskapar som er bandlagte for smittsam sjukdom får ikkje møta på sjået.

Småfenæringa sine egne krav

Kåringssjået må verte gjennomført på ein slik måte at det blir minst mogleg risiko for spreing av sjukdom som smittar ved direkte kontakt mellom dyr, eller indirekte gjennom overføring med luft, avføring, jord/strø, innreiing, felles drivgang/binge, dommarar osv.

Sjuka eller skadde dyr får ikkje møta på sjået.

Sau frå buskapar med geit som ikkje er dokumentert fri frå CAE, paratuberkulose og byllesjuka, og sau frå flokkar der det blir nytta geitemjølke frå slike buskapar, får ikkje møta på sjået. Buskapane får tilbod om kåring utanom sjået. Vêrlamma kan berre kårast for eige bruk, ikkje for sal, og dette skal først på kåringsbeviset.

Buskapar som har importert *levande småfe eller andre drøvtyggjarar* kan møta på kåringssjå tidlegast 18 månadar etter at importen fann stad. Dette gjeld og buskapar som har importert *sæd eller embryo frå*

¹ Kåringreglane gjeld kåringstypen ”O-kåring”. Andre kåringstypar som pelskåring, kjøtkåring osv har egne tilleggsreglar.

² I fylker utan avlsutval overtek regionutvalet ansvaret for kåring og oppgåvene som er lagt til avlsutvalet.

drøvtyggjarar i strid med KOORIMP sine krav. Buskapar som har dyr som stammar frå flokkar som nemnt ovanfor, får heller ikkje delta på kårings sjå før 18 månader etter at importen fann stad.

§ 3 Innmelding av vêrlam til kåring

Berre dyr som er med i Sauekontrollen kan stillast ut. Alle dyr skal ha individnummer i samsvar med merkeforskrift.

Dyr som ein vil stilla, må meldast inn med naudsynt informasjon innan fastsett tidsfrist. Innmelding skjer til styrar av sjået eller andre som er sett til å ta imot innmeldingane.

Same dyret kan ikkje stillast ut meir enn ein gong.

§ 4 Gjennomføring av kårings sjået

Dei innmelde dyra skal vera på utstillingsplassen til fastsett tid, og ingen må føra bort dyr før styraren av sjået gjev løyve til det.

Utstillar må sjølv syta for stell og fôr til eigne dyr. Arrangøren tek ikkje noko ansvar for utstilte dyr, utstillar eller andre som møter på sjået.

Utstillar garanterer at han ikkje kjenner til at dyret har arvelege defektar eller andre lyter som gjer at dyret ikkje bør nyttast i avl. Han må finne seg i at dyra vert synte og granska slik styrar og dommar krev det.

Styran kan visa bort alle som gjev urette oppgåver eller på anna vis freistar å villeia dommarane, eller som ikkje følgjer styraren sine påbod.

§ 5 Krav til vêrlam som skal kårast

Generelle krav ved O-kåring

Vêrlammet skal vera etter ein kåra far som er O-kåra. Kåra far etter andre kåringsstypar ikkje tillate.

Mora til vêrlammet skal ha godt eksteriør (kropp, jur og spenar), gode brukseigenskapar og gode morseigenskapar. Er ho nokon gong hormonbehandla for å koma i brunst, kan lammet ikkje kårast.

Vêrlammet skal vera fødd normalt lett og ikkje ha trong til mykje hjelp rett etter fødsel og i tida mot utslepp.

Berre vêrar med to normalt utvikla testiklar, med normalt bitt og som på andre måtar er funksjonelle dyr, kan kårast.

Kopplam skal i regelen ikkje kårast.

Vêrlammet skal ikkje vera etter samanparing av nære slektningar. Om morfar til lammet også er far eller farfar til lammet, eller om farmor til lammet også er mor eller mormor, skal lammet vrakast.

Myostatinmutasjonar

Myostatinmutasjonen i NKS og myostatinmutasjonen i spæl skal fjernast frå den norske populasjonen. Eit vêrlam som ut frå slekta kan mistenkast for å vera berar av mutasjonen, skal ikkje kårast før det er gentasta og funne fri.

Døming av vêrlam

Grunnlaget for døming av vêrlam er den utrekna O-indeksen for dyret sjølv (lammeindeksen ³), poeng for kropp, bein, ullkvalitet og ullmengd. Poenga skal summerast til eit ”sum kåringspoeng”. Krava til dei einiskilde eigenskapane og sum kåringspoeng går fram av tabellen nedanfor.

Eigenskap	Poengskala (berre heile poeng)	Minstekrav for å verte kåra
O-indeks (Lamindeks)	–	110
Kropp	5 – 10	6
Bein	5 – 10	6
Ullkvalitet	5 – 10	6
Ullmengd	5 – 10	6
Sum kåringspoeng	–	140

Vektavvik vert rekna som avviket mellom ukorrigert buskapsmiddel og korrigerert haustvekt til vêrlammet. Vêrlammet skal vekt-korrigerast for alder (mor og lam), burd og fostringstilhøve etter korrigeringsfaktorar utarbeida av Avlsrådet for sau. Vektavviket skal førast på kåringskjemaet, men det er ikkje lenger noko minstekrav til vêrlammet sitt eigevektavvik.

Ved fastsetjing av poeng for kropp, skal det leggjast størst vekt på kjøtsetnad i rygg og lår og på bygnadsdrag som har å gjere med brukseigenskapane (lengde, høgde og ein bygnad som gjev lite lammingsvanskar).

Beina skal vere turre og velstilte, med gode leddvinklar. Det er naudsynt å ta spesielt omsyn til lengde og vinkel på kodane. Klauver skal og verte vurderte her.

Krav til ull hjå Norsk kvit sau, kvit spælsau og sjeviot

Ved fastsetjing av poeng for ullmengd og ullkvalitet må dommaren sjå på heile fellen. Ullkvaliteten skal dømmast som ved klassesetjing av ull etter «Norsk ullstandard». Dyr med ein fell som ikkje held kravet til klasse ein (C1 eller F1), skal ikkje kårast.

Norsk kvit sau, kvit spælsau (rasekode 4 i Sauekontrollen) og sjeviot skal ha kvit ullfell. Dyr med farga hår i ein kvit ullfell skal ikkje kårast etter dette regelverket.

For crossbred ull må ein ta omsyn til fiberfinleik og jamn fibertjukkeleik, jamn og god lengde på fibrane i stapelen, ein tett fell med god spenst og ei ull med minst mogleg marghår (maks 3 %). Dyr med meir enn 0,3 % daudhår (dyrehår) skal ikkje kårast. Lengda på ulla på krysset skal vere minst 7 cm. Ved døming av lengde og ullmengd må det takast omsyn til alder på lammet, alder på mor og burd.

Ull av spælsau skal ha god glans, dekkulla skal vera mjuk og ikkje for grov og den må ha ei viss lengd for å halda ved lag den særne spælulltypen. Det skal vere tydeleg forskjell på tøg (dekkull) og tel (botnull), og lengda på botnulla skal ikkje vera meir enn halvparten av lengda på dekkulla. Lengda på ulla på krysset skal vere minst 15 cm. Ulla skal vere mest mogleg fri for marghår og daudhår (dyrehår).

Dispensasjon

Dommaren kan i særskilde høve gje dispensasjon frå krava i denne paragrafen, men då skal dette verte skrive klårt under merknader på kåringssetelen.

³ Om O-indeksen på lammet manglar, kan den reknast ut som midlet av O-indeksen til mor og far.

Grunnar til å gje dispensasjon kan vere at etterspurnaden etter kåringslam er stor i høve til tilbodet, at ein for stor del av dyra innan rasen vert vraka på ein enkelt eigenskap, eller at lammet etter ein totalvurdering har så mange positive eigenskapar at det bør kårast.

§ 6 Kåringsnummer

Ved karing får vêrlamma eit spesielt nummer som skal vere både offisielt identitets- og ættboknummer for dyret. Dommaren merker vêrlamma som er kåra med lilla kåringsmerke.

Kvart fylke har fått ein nummerserie med årstal som vist i tabellen nedanfor.

Dei 4 første sifra i kåringsnummeret er kåringsåret, og dei er her merka med xxxx.

Østfold	xxxx10501 – xxxx11500
Akershus	xxxx11501 - xxxx13000
Hedmark	xxxx13001 - xxxx20000
Oppland	xxxx20001 - xxxx25000
Buskerud	xxxx25001 - xxxx30000
Vestfold	xxxx30001 - xxxx32500
Telemark	xxxx32501 - xxxx35000
Aust-Agder	xxxx35001 - xxxx37500
Vest-Agder	xxxx37501 - xxxx40000
Rogaland	xxxx40001 - xxxx50000
Hordaland	xxxx50001 - xxxx55000
Sogn og Fjordane	xxxx55001 - xxxx60000
Møre og Romsdal	xxxx60001 - xxxx65000
Sør-Trøndelag	xxxx65001 - xxxx70000
Nord-Trøndelag	xxxx70001 - xxxx75000
Nordland	xxxx75001 - xxxx80000
Troms	xxxx80001 - xxxx85000
Finnmark	xxxx85001 - xxxx86000

NSG disponerar serien xxxx00001-xxxx09999 til dyr som treng eit offisielt avlsnummer, men som ikkje er kåra etter vanlege kåringsreglar.

§ 7 Kvalitetsmønstring og gåvepremiar

Kvalitetsmønstring og gåvepremiar er eit frivillig tiltak. Styraren skal informerast om dette før sjået tek til.

§ 8 Utfyllande reglar

Den enkelte rasen kan ha egne reglar som då *skal* gjelda framfor det som står i dette regelverket. Slike reglar skal fyrst vere godkjent av Avlsrådet for sau. Avlsrådet har godkjent kåringsreglar for:

- Kjøtsau (rasekode 11 Texel, 20 Nor-X og 23 Charollais)
- Pelssau (rasekode 12)
- Farga spælsau (rasekode 21)
- Gammalnorsk spælsau (rasekode 16)
- Gammelnorsk sau (villsau) – (rasekode 15)
- Fuglestadbrökete sau (rasekode 17)
- Blæset sau (rasekode 18)
- Grå trøndersau (rasekode 17)

- Rygja (rasekode 2)
- Suffolk (rasekode 7)
- Svartfjes (rasekode 9)

Avlsrådet for sau kan i særlege høve gje dispensasjon frå desse reglane. Dispensasjonen skal då gå føre det som står i dette regelverket.

Avlsrådet for sau kan utarbeida dommarinstruks.

§ 9

Klage

Det er ikkje mogleg å klage på ei avgjerd teke av kåringsdommaren.